



DET NORSKE TEATRET

1931-1932

Livstrygding

Noregs eldste livstrygdslag

Karl Johansgt. 16
Centraltelef. 21830

Gjensidige

BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO.

Matstovor:

Bondeheimen, Middag kl. 1-5

Rosenkrantsgt. 8

Parkstova

Drammensv. 2 — „ 1-5 $\frac{1}{2}$

Cort Adellersgt. 2 — „ 1-5 $\frac{1}{2}$

Olav Ryes plass 8 — „ 1-5 $\frac{1}{2}$

Hotell:

Bondeheimen,
Rosenkrantsgt. 8
Telefon 13860,

Park-Heimen
Drammensv. 2.
Telefon 14636.

Kaffistovor:

Rosenkrantsgt. 8.

Torget 8².

Olav Ryes plass 8.

Nytorget 5

Parkstova. Drammensv. 2.

Cort Adellersgt 2.

I teatergarderoben, kaffi og smørbrød i teatertidi.



Sportsfolk

kjøper sine
Sportsartiklar
best og billegast
hjá

Bjørndalens Sportsforretning

Markvn. 58 OSLO Telef. 70069

Jernbanetorvet 4
Tlf. 10 980, 12 980

E. A. HAMMER A/S Lager: Sørensen
Tlf. 81326

Kjøper skurlast. Selger bygningsmaterialer.

Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene sine på norsk
vender seg til:

Johansen & Nielsens Boktrykkverk

Pilestrædet 45 b :: Telefoner 62 692, 61 493

Telefon 15567


Nikolai Olsens Boktrykkeri

Møllergaten 17. — Oslo

b15g/25637



Tordis Maurstad



Tore Foss

T H. L U N D E

LILLEHAMMER

Møbler, møbelty, gardinor, bilætvev og kunstindustri etter gamle mynster og etter teikning av kunstnarar.

Skriv etter kataloger, prøver og utval.

Glem ikke

Illustrert Familieblad

Ukens glede
for voksne og barn.

35 øre.

Kjøp

For Alle

Det største, beste og mest utbredte
norske ukemagasin.

Hver uke.

35 øre.

35 øre.




Ingjald Haaland

HORDAHEIMEN

C. SUNDTSGATA 18

BERGEN

1. kl. hotel




TELEFONER:

3286 ☉ 2464

KAFFISTOVA

til

Bondeungdomslaget



TORGET 1. BERGEN

KNUT KJORSTAD

BØNDERNES HUS

MERK: MOT ARBEIDERGATEN

BYENS BEDSTE HERREEKVIPERINGSFORRETNING

GUDBRAND VESET

GULLSMED

Gull - Sølv - Plet - Emalje
Reparasjoner mottages.

AKERSGATEN 57 - OSLO - TELEFON 16 125

BOKBINDAR

TELEFON 11269 **K. GULBRANDSEN** STORGATA 7³

OSLO

Bunader

Stilreine. Beste vyrke. Rimelege prisar.

HEIMEN Kristian 4des gt. 4, OSLO

Sesongen som kjem.

Det norske Teatret går no inn i sin 20. sesong. 2dre januar 1952 kan teatret høgtide 20-årsdagen sin.


Trass i dei ovleg vanskelege tider som trugar teatra i alle land, har Det norske Teatret vore so optimistisk å leige både større hus og fleire skodespelarar enn noko år fyrr. Av dei nye kreftene teatret har hyra kan nemnast Agnes Mowinckel og Sigurd Magnusson frå Det nye Teater, Eva Steen og Tore Foss frå Centralteatret og Erling Dahl frå Den nationale Scene.

Av det teatret har å by på i sesongen som kjem kan fyrst og fremst nemnast «Alle guds born har vengjer» av den amerikanske diktaren Eugene O'Neill, som medkvart har vunne seg namn som ein av dei aller fremste dramatikarane i verda. Stykket handlar um ein neger som blir gift med ei kvit jente, og den tragedia som fylgjer av det. Det går fyre seg i ein amerikansk by, der ein opplever den hatige striden millom svarte og kvite, frå den umedvitne motsetnad millom ungane på gata til den medvitne rasekamp millom vaksne menn og kvinner. Stykket blir sett i scene av Agnes Mowinckel og får truleg premiere i slutten av september.

Samstundes byrjar Stein Bugge instruksjonen av «Tragedia um Mengin», eit lyrisk historisk drama, bygt upp i samhøve med moderne sceneteknik i ei rekkje skarpe intense bilete. Stykket har fått mange og sterke lovord, serleg i Antwerpen, der det fyrst vart spela i 1928.

Langre ut i sesongen kan publikum gleda seg til å få sjå Carl Zuckmayers «Der Hauptmann von Köpenick», — etter tyske utsegner den største tyske teatersuksess som har vore på dette hundradtalet. Det er ein satirisk farse bygt på den velkjende skandalhendinga um skomakaren frå Köpenick, som ved hjelp av ei kapteinuniform greidde å tyranisere ein heil by i fleire dagar. Satiren går sjølvsgagt serleg ut over uniforma og den allmektige rolla ho spelte i Tyskland under keisartida, men han er ikkje avgrensa berre til den, det er ei ålmanneskeleg komedie som råkar noko av kvart i vår jærande tid, og det er ei gløgg og fritalande menneskeskildring, som fyrst og fremst klårlegg for oss *kvifor* den arme skomakarsveinen triv til sitt fantastiske kupp, — det er i sjølvforsvar mot det samfund som har lagt han for hat og trugar med å lyse han utlæg. — Stykket er opphavleg på 36 bilete og har i alt kring 70 personar. I den form har det vore oppført på Max Reinhardts «Deutsches Theater», der hovudrolla vart makelaust spelt av Werner Krauss. På mindre scenor i provinsen har det vorte avstytt, og det blir sjølvsgagt i den form det kjem fram på Det norske Teatret. Her skal teatersjef Haaland spela hovudrolla.

Olav Hoprekstad.



Olav Hoprekstad er sogning, fødd i 1875. Fyrste skodespelet hans «Bjørnefjell» kom ut i 1907 og fekk si fyrste framføring på Den nationale Scene i Bergen. Det vart sidan ei av dei fyrste framsyningane åt Det norske Teatret, då dette byrja i 1913. Seinare har Olav Hoprekstad havt ikkje mindre enn 7 stykke på same teatret, og fleire av dei hev og gjenge på Den nationale Scene.

Attåt denne produktive diktargjerningi hev Hoprekstad havt tid til å halda skule for bergensungane, og vera teaterkritikar i «Bergens Tidende». Av dette vil ein kunna slutta at Hoprekstad hev vestlendingens vitalitet i god mun.

Det same gjeld og diktingi hans. Ho ligg på grenselandet millom Jens Tvedt og Hans E. Kinck. — er på ei side merkt av godlidande humor og på hi av sterk tragisk intensitet. Det er serleg den siste han hev dyrka, men i seinare år hev han freista sameina bae til eit norsk bondelystspel.

Alle personane åt Hoprekstad, både dei tragiske og dei komiske, hev djupe røter i vestlandsk lynde. Dei er mangfelde og skiftande, bråe til og reagera i godt som i vondt, ofte beiskt satiriske i sin dom yver medmenneski. Dette hev tildels gjort dei vanskeleg både å spela og å skyna for austlendingen. Men det må segjast til forfattarens ros at han ikkje hev teke omsyn til dette. Han hev fylgt si eigi sterkt personlege line frå fyrst til sist. Han hev aldri falle i freisting og lempa seg etter det breide publikum, endå han som teaterkritikar vel veit korleis det kan vinnast. Skodespeli hans høyrer til dei ein minnest når år er gjengne.

På ymse spørsmål um det nye stykket sitt «Vetlelorden» hev forfattere'n svara dette:

Han som styrer dette programbladet hev spurt meg um ei vilde fortelja noko um stykket, um den attergrunnen som det hadde m. m. Då hadde eg ikkje anna å svara enn det som er sagt i eit vers hjå Ivar Aasen som eg hermede for han:

«Der er so mange hendingar
i bygdom komne til:
me sjå so mange vendingar
alt på eit lite bil.»

So vilde mannen vita um det var serlege hendingar i ei einskild bygd eg hadde teke til grunnlag for denne bygdekomedie. — Å nei då, det er det ikkje. Ein gamal sjefsgard eller andre embetsmannssæte, med ei lakse-elv til, hev det vore i dei fleste større fjordbygdene på Vestlandet.

Det hev ofte vore so både i by og i bygd, at ålmenningi samla seg so sterkt fyre den eine parten i ei sak og imot den andre, i god tru eller av vond vilje, at menneskje av beste slaget kunde verta neddømde og ulukkesførde. — Ja, fortel oss noko meir um det, sa programbladmannen. — Nei, der var det stykket som fekk tala, meinte eg. So den beit eg ikkje på. Men ein ting kann eg likevel leggja til: Til einskildmanns-karakteristikken hev eg henta sume serdrag frå folket i mine eigne heimbygder i Sogn, soleis dette bråsnøgge ved dei, som det at dei kann fyka upp og bruka seg, og straks etterpå kann dei skifta um og vera som det ikkje hadde hendt. — Ein ting til kann eg nemna, det er umgangstonen millom folk; han kunde vera velsigna endefram og fri og djerv. Det likte ofte både «lordar» og andre «storfolk» best. Var det ein som heldt på det stivt seremonielle i samtale med folk, vart det snart gruveleg einsamt før og keidsamt ikring den mannen. Difor var det ikkje «storkarane» som heldt att på frispråket millom folk.




Livstrygdelaget Andvake

(Noreg — Island.)

Trygdestokk over 25 millionar. Premi og rente i 1930 — 720 000 kr. Bonusutskifting sidan 1. april 1928. — Laget nyttar berre norsk og islandsk mål, og det er målfolk — lag og einskilde — som eig og styrer laget. — Gode, greide vilkår og oppgjer.

Målfolk tvilar ikkje. Dei tek trygdingane sine i Andvake.



5 1/2
ØRE

Lloyd George

Tyrkisk cigarett

Gjør Deres innkjøp av
*Kjøkkenutstyr, Glass,
Porselen, Elektrisk utstyr,
Jernvarer, Verktøi og
Sportsartikler* hos

INGWALD NIELSEN

TORVGATEN 4, OSLO

KIKKERTER, BRILLER m. m.
- kun prima Varer - til billige Priser.



Martin Viig,

Kirkegaten 34, Oslo.

OLAF NORLI

BOKHANDEL
PAPIRHANDEL
ANTIQUARIAT

UNIVERSITETSGT. 24

STEEN &

Veslele

Bygdespel i 4 vendinger

Sett i scene av

Dekorasjonane av

Lorden
Kapteinen
Presten
Lensmannen
Stortingsmannen
Torstein Grinde «Laksamålar»
Dagve Nerok
Nakka-Petter
Larka Metta
Turi
Guri
Maita i Grandane
Ales
Dagne Nerok

Stad: Hall i K

Tid: Onsdag den 2

Lengste opphald et

ORKES

Kapelmeister


Johan Halvorsen: Fors

Trygve Torjussen: Mon

W. H. Mydleton: Utd

Trygve Torjussen: Nor

Dagbladet Den store m
Den aktuell



MARGARINEN

STRØM

orden.

av *Olav Hoprekstad.*

Angjalð Haaland.

Ola Cornelius.

- . . . Einar Tveito
- . . . Karl Holter
- . . . Alf Sommer
- . . . Johan Nordlund
- . . . Edvard Drablø
- . . . Lars Tvinde
- . . . Tore Foss
- . . . Pehr Qværnstrøm
- . . . Tove Haslum
- . . . Lydia Opøien
- . . . Astrid Rosendahl
- . . . Dagmar Myhrvold Lund
- . . . Tordis Maurstad
- . . . Eva Steen

rens Hotell.

. juni her um åre.

er 2dre vendingi.

FRET:

. K. Nielsen.


ill til Fossegrimen.

enstemning. — Til vaaren.

ag av skotske melodiar.

k bondemarsch.

iddagsavis **Bladet i vekst**
aftenavis



Freia MELK CHOKOLADE

Europas beste spisechokolade.



Kjøp

HALLO! HALLO!

Kringkastingselskapets programblad.

Først da får De full glede
av Deres Radioapparat.

Løssalg 35 øre.

Abonnement kr. 2,50 - 5,00 - 10,00

BONDESYLVE

Sylgjer, skospenne, knespenne og
knappar etter gammalt mønster.

Historiske sylgjer.

Alt i sterkt handarbeid. Avbildin-
gar med pris sender vi når det
blir kravt.

L. GULLHAGEN

Tlf. 203

Gjøvik

Tlf. 203



Einar Tveito

Skal De lyse i bladi så gå til

HEROLDENS ANNONCEBUREAU A/s

Stortingspl. 7
OSLO

Noregs eldste og største lysingsbyrå.

Dametrikotage

i silke og bomuld



Hermansen & Jørgensen

Øvre Slotsgt. 7

Oslo



Leonhard Frank: „Karl og Anna.”



ULEFOS JERNVÆRK


Grundlagt 1857. — Norges største ovnstøperi.

Ovner, Skogsovner, Komfyrer, Kaminer m. m.
Vakre, solide og brenselbesparende ovner.

På grund av sine bedriftsmessige fordeler inntar Ulefos Jernværk en særstilling blandt ovnstøperiene, og det kan derfor selge til lave priser.

Forhandlere i alle landets byer.

UTSALG I OSLO: STENERSGATEN 8



Sesongen som kjem.

Av nye norske ting som kan ventast er vidare ei dramatisering av ein av dei mest populære romanane åt Johan Falkberget: «Eli Sjursdotter» ved skodespelar Edvard Drabløs; eit historisk drama av skodespelar Karl Holter um «Magnus Sigurdsson», og ei burlesk folkekomedie «Broklaus men ikkje rådlaus» av Ildar Handagard. På 70-årsdagen åt Hulda Garborg er det meininga å fore upp «Under Bôdhitre», eit stemningsfullt kvinnedrama frå austerland.

Av andre utanlandske stykke kan nemnast «Inga» av Anatolj Glebow, eit lystspel um kvinneproblemet i Sovjet-russland, som frå ymse kantar har fått lovord for å vera eit av dei beste drama frå det nye Russland; Erik Lindorms komedie «Røda dagen», som ser dei sosiale motsetnadene frå den komiske sida, og som har havt ein uvanleg suksess i heimlandet sitt. I den komiske genre ligg og «Mannens sibein» av den kjende finske forfattarinna Maria Jotuni, og «Ferdys Pistora umvender seg» av tsjekkaren Frantisek Langer. Det siste stykket som handlar um ein tjuv som tilfellet gjer til helt, hadde i fyrre sesongen ei lang levetid på Schillertheater i Berlin. Elles vil ein hugse forfattaren frå det talentfulle skodespelet «Periferi» som gjekk på «Balkongen». Han blir rekna for den fremste dramatikaren innan den sermerkte litteraturen som gror upp i det nye Tsjekkoslovakia.

Endeleg kan ein ut i sesongen vente seg eit fargesterkt ungarsk sigøynardrama «Slovenska Annica» av Juliane Kay, og eit sjødrama, «Vaktmenn» av Paul Haag. Dette handlar um ei kvinne som bergar seg i land etter eit skipbrot, og blir verande hjå to fyrvaktarar, gamle ungkarar som har svore seg laus frå kvinnekynet og nyt si mannlege einsemd og ro. Kvinna greider snøgt å gjera ende på denne, ho set fiendskap millom venene, og det endar ille — for henne sjølv.

Tilslutt kan nemnast at teatret har kjøpt Ferdinand Bruckners debutdrama «Krankheit der Jugend» (Ungdomssjuka), som rådde grunnen ein heil sesong på Rennaisansetheater i Berlin. Det gjev ei uvanleg intens skilddring av ein flokk tysk studentungdom som er upptekne av seg sjølve, på ei side gjennom psykoanalytisk studium, på den andre gjennom hunger til å leva fritt og umsynslaut etter si overtyding. Forfattaren har seinare vunne seg eit verdskjent namn gjennom det modernistiske miljødramaet «Verbrecher» (Brotsmenn), og «Elisabeth av England». Han blir halden for den mest sermerkte og gåverike av dei mange som i den siste tid har freista på å fornye dramaet frå grunnen av, med ny teknikk, ny rytme og nytt tungemål.



Tove Haslum



Pehr Qværnstrøm



Karl Holter



Dagmar M. Lund



Eva Steen



Lars Tvinde



Edvard Drabløs

Blomster & Arrangements

for alle anledninger.

*Blomster og kranser besør-
ges overalt i inn- og utland.*

Telefon

LOUIS SYBERG

Akersgt. 20

Telegr. "Amaryllis"

Chr. Erichsen

Damefrisør Parykkmaker
N. Slotsgate 8 II, Eivind Høsts gård
Telefon 26261 og 20030.
Eneforhandler for salg av
apparater til damefrisører.

Første
klasser

Grand Hotel, Kongsberg

Øl og
Vinrett

anbefales det reisende publikum

TELEF. 1482

K R. MADSEN

TELEF. 1482

TYSKEBRYGGEN - LEPPEN - BERGEN

Bokhandel - Papirhandel

Boksamlinger avslag.

Bokliste fritt i posten.

Trygde-Lutlaget



Norske Atlas

Sjø-, brand-, husdyr-,
ulukke-, sjuke-, innbrot-,
og automobiltrygding.



Lydia Opøien.

Den 17de Mai


OSLO

Spreidt over heile landet!

Kr. 3,50 fjordungåret.

Gramofoner

og
alt i Musikvarer
bedst.




Sandviks Musikhandel

Storgt. 10 a, Torvet 12,
Youngsgt. 7

„Pollux”
Elektrisk apparatverkstad
Hammersborg Torg 7
Telf. 20075

fabrikerar koke og varmeapparat, vøler alt elektrisk, lar batteri, har autorisera installasjonsdeild.



NOREGS BOKLAG

Kristian den 4des gate 4 — OSLO

er no målfolks bokhandel.

Tek imot boktingingar og sender bøker heile landet over.

*Å handla med sin eigen samskipnad
er å handla med seg sjølv.*

Alle Artikler for Kunstmalere.

Alt til Silkemaling, Lærplastik og Gyldenlær.
Porselænsmaling og Rosemaling.

CHRIST. ENGBRETSSEN & SØN
Pilestrædet 27 — Oslo.

TELEFONER:
Butikken 13113
Teatergt. 17^a 13 592

L. Hannestad
Engelske Dunputemøbler i Skind og Stoffer.

Wergelandsvei 7
OSLO
Etablert 1899

Vestlandsbanken - Bergen

Sambandsbank for Vestlandet.

Skipa 1926.

Innskot til høgste renta. Utlån. Inkasso.

Alle slags clichéer! — Avstøpninger, Matriser

AKTIESELSKABET

"CLICHÉ"

KUNST-REPRODUKTIONS ATELIER

MAURITZ IVERSEN

10 PILESTREDET 10

16810 CENTRALBORD 16810

FOSNA MÅLLAG

KRISTIANSUND N.

HOTEL
BONDEHEIMEN

OG

KAFFISTOVA
MARMORGARDEN

Vestmannahjem

Hotell

VED RADHUSET

BERGEN

Godt å bu. — Rimelege prisar.

Gustav Nesting

Farveri, kem. renseri

Utfører all farvning og rensning for teatret.

Kaffistova - Bondeheimen

- Engene 4 - Drammen -

God og billeg mat. Husrom for framande. Det er og høve til å halde mindre møter. Telefon 1275.

Telefon 24511 **Elektro-Foss A/s** Telefon 24511

Installerar elektrisk ljøs, kraft, varme.

